

Kommisjonspresident Junckers årlege tale om situasjonen i EU

- *Junckers årlege tale om situasjonen i EU vart generelt godt motteke i Europaparlamentet*
- *Juncker la vekt på konkrete tiltak og omtalte hjertesakene til mange av dei politiske gruppene*
- *Kritikk til Juncker for ikkje å ta inn over seg misnøya som Brexit-resultatet er eit symptom på*
- *Framlegg om sterkare forsvarssamarbeid kritisert både av ytre venstre og ytre høgre*
- *Mange kostbare framlegg (m.a. styrke EUs investeringsfond, nytt fond for Afrika og satsing på IKT-infrastruktur) fremma utan at Juncker nødvendigvis har politisk eller økonomisk ryggdekning*
- *Mindre fokus på migrasjon enn i 2015, men vektlegging av grensekontroll og indre og ytre sikkerheit*
- *Brexit mindre sentralt tema enn mange venta, men Juncker sa forhandlingane bør komme i gang raskt og at deltaking i den indre marknaden utan frie personrørsler er uaktuelt (ny britisk kommissær er venta å få tillitsvotum i dag, sjå nedst i rapporten)*

Kommisjonspresident Jean-Claude Junckers heldt onsdag sin tale om situasjonen i EU (State of the Union). Talen som har vore ein tradisjon sidan 2010, er meinte å bidra til ein overordna politisk debatt om EU og gje større demokratisk legitimitet og auka innsyn. Talen vart framført med heile kommisjonskollegiet tilstade i salen. Talen var relativt konkret og dei nye initiativa synes å ha som mål å gje noko til både venstre og høgre i Parlamentet. Det var da også spontan applaus fleire gonger under den 45 minutt lange talen og eit fleirtal av parlamentarikarane ga ståande applaus til slutt.

Juncker starta med å gjenta sitt eige utsegn frå i fjor om at det er for lite union i unionen. Nasjonale interesser kjem i vegen på for mange område. Han sa likevel at EU skal byggjast på nasjonalstatane. Han brukte lite tid på spørsmålet om Brexit, men ville at utmeldingsprosessen burde kome i gang raskt. Storbritannia kan berre få tilgang til den indre marknaden dersom dei godtek frie personrørsler. Han brukte også lite tid på handel, men sa handel er viktig for sysselsetting og verdiskaping i Europa. Han ga deretter støtte til frihandelsavtalen med Canada og vidare forhandlingar med USA om TTIP. Han la vekt på at EU og EU-landa må sikre rask ratifisering av klimaavtalen frå Paris.

Han sa EU må sikre seg legitimitet gjennom å klare resultat. Han lista deretter opp ei rekke politikkområde og –initiativ som EU må levere på dei neste 12 månadane. Han gjentok at Kommisjonen fortsatt står bak utstasjoneringdirektivet og er mot sosial dumping. Han varsla vidare kamp mot ungdomsarbeidsløyse. Det vanka ein del ironiske tilrop i salen da han sa Kommisjonen hadde levert på sin lovnad om å kjempe mot skatteunnadrag og han sa det er viktig skatt blir betalt der overskottet blir generert.

Han varsla vidare satsing på tiltak for å sikre utbygging av godt internett i heile EU, m.a. for å sikre 5G-nett i heile EU innan 2025 og gratis trådløst nett i byar og tettstader. Dette er viktig for ny verdiskaping og utvikling av nye tenester. Han varsla eit forbetra regelverk for nettgjesting neste veke. Det er også viktig med godt regelverk for opphavsrett. Utan å seie noko om kvar pengane skal kome frå varsla han ei ytterlegare satsing på Kommisjonens investeringsplan (Juncker-planen). Denne planen skal vare dobbelt så lengje som tidlegare varsla og EUs bidrag inn i den skal doblast. Samstundes er fullføringa av kapitalmarknadsunionen viktig for å gje næringslivet tilgang til andre kapitalkjelder. Etter modell frå Juncker-planen (offentleg kapital toppa med private investeringar) varsla han også ein finansieringsplan for Afrika som skal supplere tradisjonell bistand. Dette skal bidra til utvikling og m.a. igjen indre migrasjon.

Migrasjons- og flyktningkrisa fekk elles mindre plass i årets tale enn den gjorde i fjor, men han understreka flyktningkrisa må handterast betre. Han sa solidaritet må kome frå hjartet og vere frivillig. Han oppmoda det slovakiske EU-formannskapet til å prøve å byggje bru mellom ulike EU-land i synet på relokalisering og integrering. Hellas og resten av EU må raskt gjennomføre tiltak for å ta seg av einslege mindreårige. EU vil etablere eit frivillig solidaritetskorps. Det skal bestå av 100 000 unge innan 2020 og skal trå til i krisesituasjonar rundt i Europa.

Juncker la vekt på at EU både må ha indre og ytre sikkerheit. EU skal hindre terrorisme, men gjere dette utan å gje slepp på grunnverdiar og eit opent samfunn. Tiltak for returnerte framadkrigarar, tiltak mot terrorfinansiering, tiltak mot nettpropaganda og tiltak mot rekruttering av unge er døme på preventive tiltak. EU må få betre kontroll med grensene. Iverksetting av det nye Frontex og automatisk grensekontrollsystem er viktige tiltak her.

Han tok til orde for at EU må få det han kalla ei ein utanriksminister, men gjekk ikkje inn på kva dette skulle medføre i praksis eller skilje seg frå Mogherinis rolle i dag. Han sa også at EU må styrke europeisk forsvarssamarbeid mellom anna gjennom å etablere eit europeisk hovudkvarter for å koordinere EUs innsats. Han sa dette skulle kome i tillegg til og supplere NATO-samarbeidet. Han tok samstundes til orde for å etablere eit europeisk forsvarsfond for å sikre auka investeringar i forsvarsforsking og -utvikling.

EU kan ikkje kan overleve utan eit betre samarbeid. Dette inkluderer enda tettare kontakt med nasjonale parlament. Han oppmoda avslutningsvis om dei europeiske verdiane som alle har eit ansvar for å vidareføre slik at også kommande generasjonar er sikra eit godt liv.

Reaksjonar i Parlamentet

Reaksjonane frå dei politiske gruppene var i stor grad positive, men dei ulike gruppene trakk naturleg nok fram dei elementa i talen dei var mest nøgd med. Både sentrum høgre (EPP), sentrum venstre (S&D) og den liberal gruppa (ALDE) ga i stor grad generell støtte til Juncker. Dei grønne og ytre venstre gruppa (GUE-NGL) var glad for vekta som vart lagt på å styrke den sosiale dimensjonen i Europa, men var spesielt kritisk til tankane om styrka forsvarssamarbeid. Den konservative gruppa (ECR) sa talen ikkje hadde tatt inn over seg at europeiske borgarar er kritiske til meir integrasjon og harmonisering, jf. resultatet i den britiske folkeavrøystinga. Denne gruppa er dermed også kritisk til t.d. meir forsvarssamarbeid. Dei to ytre høgre gruppene (EFDD og ENF) var kritiske til innhaldet i talen. Det vart mellom anna vist til at etablering av ein EU-hær gjer det vanskeleg å kalle EU eit fredsprosjekt. Det vart også peikt på at auka forsvarssamarbeid er vanskeleg fordi fleire EU-land er nøytrale.

Brexit fekk mindre fokus i debatten enn ein kunne vente. Både S&D og ALDE tok til orde for at Storbritannia raskt burde sett i verk utmeldingsprosedyren etter artikkel 50 i Lisboa-traktaten. Fleire Brexit-tilhengjarar kommenterte at Guy Verhofstadt (ALDE) ikkje burde vere Europaparlamentets representant inn i forhandlingane om Brexit. Eit par innlegg var inne på situasjonen til Nord-Irland og Skottland. Det vart også vist til at uansett kva val den britiske regjeringa gjer, vil den skuffe mange av dei som har stemt for utmelding. Nigel Farage frå det britiske sjølvstendepartiet omtalte Verhofstadts rolle som ei krigserklæring mot ein kvar fornuftig forhandlingsstrategi. Han sa samstundes at om EU ikkje går med på frihandel med varer og tenester utan frie personrørsler, er det betre for Storbritannia å ha ei rein WTO-løysing. Dette vil vere dårleg nytt eksportørar av fransk vin og tyske bilar, men det vil vere ei betre og billigare løysing for Storbritannia som da slepp kostnadane med innvandring sa han. Marine Le Pen frå Nasjonal Front sa ho ville arbeide for ei folkeavrøysting om fransk medlemskap.

Verhofstadt var elles ikkje uventa ein av dei største tilhengjarane av ytterlegare integrering og sa at berre nasjonalistar og populistar kan hevde at utfordringane knytt til miljø, skatt frå multinasjonale selskap, migrasjon eller terror best kan løysast bak murer og gjerde. Dette er

utfordringar som krev overnasjonale løysingar, men folk i Europa er usikre på situasjonen fordi EU ikkje har klart å levere ennå. USA har signalisert mindre vilje til å ta ansvar for europeisk sikkerheit. Styrka forsvarssamarbeid er dermed nødvendig sa han.

Frå EPP vart det mellom anna uttalt at EU burde vere ærlege overfor Tyrkia og seie klart frå at medlemskap ikkje vil passe landet. Jucker kommenterte i sitt sluttinnlegg at Tyrkia må oppfylle alle dei stilte krava før dei får visumfridom. Tilhøvet til Russland vart knapt kommentert av Juncker (i den framførte versjonen), og i eit par innlegg etterlyste dette debatten. Ein representant frå EFDD sa også at sanksjonsregimet mot Russland kostar EU dyrt.

Fleire talarar frå ulike grupper refererte til at medan eit lite land som Portugal er blitt straffa for sitt budsjettunderskott, har ikkje det same vore tilfelle for eit stort land som Frankrike. EU må slutte med å behandle land ulikt. S&D tok opp tråden frå møtet mellom Middelhavslanda i Aten førre veke og tok til orde mot tysk sparepolitikk. GUE-NGL la vekt på å utvikle europeisk arbeidsløysetrygd og felles reglar for minstelønn. Fleire kommenterte det uheldige signalet det gjev at tidlegare kommisjonspresident Barroso nå har fått jobb i Goldman Sachs.

Statssekretær Ivan Korcok frå det slovakiske EU-formannskapet sa i eit kort innlegg at Juncker hadde skissert ein positiv agenda. Det er viktig å ta tak i utfordringane alle veit EU står overfor, men at populisme ikkje løyser nokon av desse. Han sa møtet i Bratislava denne veka også blir viktig og danne grunnlag for vidare refleksjon om vegen vidare for EU. Migrasjon, intern og ekstern sikkerheit og betre kommunikasjon av kva EU gjer er viktig.

Les talen på [Europakommisjonens heimeside](#) (men som vanleg i Junckers tilfelle er det ein viss avstand mellom manus og framført tale). Sjå også omtale av debatten om talen på [Europaparlamentets](#) heimeside og les [Junckers brev](#) til Europaparlamentet og Rådet med 10 prioriteringar for dei neste 12 månadane.

Kommentar

Talen til Juncker var prega av mange konkrete initiativ og det verkar som målet er å vise at EU kan levere resultat og ikkje berre snakke. Dette er i samsvar med tilnærminga Rådspresident Tusk også har hatt. Medan Juncker i fjor kritiserte medlemslanda t.d. i høve til manglande gjennomføring på migrasjonsområdet, var han mindre konfronterande i år.

Talen vart godt motteke i Parlamentet. Likevel var det mange som etterpå peikte på at Juncker går langt i å love tiltak utan å ha politisk og finansiell ryggdekning frå medlemslanda og Parlamentet. Lovnaden om gratis trådløst nett i alle byar og tettstader er eit døme på dette. Mange meiner slike utspel vil auke gapet mellom forventningar og resultat. Dette vil svekke snarare enn å auke tilliten til EU.

Høyring av ny kommissær 12. september

Utan å bli eit hovudtema, vart Brexit også forsøkt brakt på bane da borgarretts-, justis og innanrikskomiteen i Parlamentet gjennomførte høyringa av kandidaten til å bli ny britisk kommissær måndag kveld. Sir Julian King som dei siste seks månadane har vore britisk ambassadør i Frankrike, får ansvaret for EUs sikkerheitsunion. Han ville ikkje kommentere spørsmål knytt til Brexit og sa han var der for å svare på spørsmål knytt til hans nye arbeidsoppgåver. Han sa mellom anna han ikkje ville spekulere i kor lenge forhandlingane ville vare før dei i det heile tatt hadde starta. Jamvel om ein del MEP meinte han unngjekk ein del av spørsmåla han fekk, tilrådde komiteen hans kandidatur. Det er venta at eit fleirtall i Europaparlamentet vil gje han tillitsvotum torsdag. Samtidig blir det lagt merke til at King synes å få noko vingeklippa fullmakter. Mellom anna er det lagt opp til at det er hans kommisjonskollega Avramopoulos som framover skal møte i Europaparlamentet når det har spørsmål til Kings portefølje.

[Det blir elles stadig spekulert](#) i om den bulgarske kommissæren Kristalina Georgieva (med ansvar for budsjett og personalpolitikk) kan bli FNs neste generalsekretær. I så fall blir det behov for ei ny høyring av ein kommissærkandidat.

Med helsing

Per S. Nestande



Per S. Nestande

Seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
Internasjonal avdeling
Tel: 23 31 36 11
Mob: 917 68 598
psn@stortinget.no
www.stortinget.no